



Storstilt arkitektur pregar det skotske nasjonalmuseet i Edinburgh.



Edinburgh Caste. Arena for dei årlege Tattoo.



Moot Hill ved Scone Palace som ligg ved dei skotske kongane i fleire hundre år. Tur til sjølve kroningssteinen.

Hordaland sogelag  
på rundreise i Skottland

# I vikingane sine fotspor

Hordaland Sogelag sin tur til Skottland var den sjuande i rekkja av studieturar til land og stader der norske vikingar og andre nordmenn har sett spor etter seg gjennom tidene.

Denne gongen var målet austkysten av Skottland og stader der vikingane herja, samt historiske bygg og byar som har vore nært knyta til Vestlandet gjennom skottehandelen som var omfattande frå 1500-talet og i eit par hundre år. Dei 16 deltakarane reiste med direkte fly frå Flesland til Edinburgh hovudstaden i Skottland.

Turen til Lindisfarne, eller som skottane seier The Holy Island, var for mange eitt av høgdepunkta for reisa. Klosteret på Lindisfarne som vart bygd av irske munkar midt på 600 talet, var den gongen utgangspunktet for kristninga av nord England. I år 793 vart klosteret plyndra av norske vikingar, og innleia dermed vikingtida, ein tidsepoke som sette djupe spor etter seg ikkje berre i vårt land, men alle stader der vikingane ferdast. Klosteret på Lindisfarne ligg på ei halvøy, som er landfast berre på fjære sjø, dvs. to gonger i døgeret, så turar dit må planleggjast nøye. Av klosteret er det

berre ruinar att, og mykje av klostersteinen er nytta til å byggja Lindisfarne Castle, borga som vart oppført på 1600 talet som forsvarsverk på grunn av krigane mellom engelskmennene og skottar. Borga vart oppført hovudsakleg for å verja hamna. I 1902 vart det utført omfattande vedlikehald og ombygging i samband med at den skotske arkitekten Edwin Lutyens kjøpte borga til sommarbustad for sin gode ven og patron Edwin Huston. Borga vart fråflytta på slutten av 1960 talet og er no omgjort til museum der besøkjande får inntrykk av korleis det var å bu ein slik plass.

## Mowatt og Baroniet

Byane Edinburgh og Dundee var utgangspunktet for dei daglege utfluktene. Begge var viktige utfartsbyar for skipa som kom til Vestlandet for å handla trelast og anna, den såkalla skottehandelen som hadde stor betydning for vestlandsbygdene på 15- og 1600 talet. Dette handelssamkvemmet medførte naturleg nok



Her er gjengen frå Hordaland sogelag som var på tur til Skottland i sommar. Frå venstre: Christine Valbø, Lill Selmer, Signe Bring, Heldal, Sigrid Kaale, Inger Vik, Kaare M. Malkenes, Jan Økland, Knut Farestveit, Kjerst Marie Vereide.

også til innvandring til Noreg. Skotten Anders (Andrew) Mowatt, som hadde sin setegard på Hovland på Tysnes, kom til Sunnhordland

frå Orknøyane i 1580-åra. Sonen, Axel Mowatt, gifta seg med den rike arvingen Karen Bildt. I 1644 kjøpte han garden

Hatteberg som seinare vart Rosendals baroni. Mange nolevande sunnhordlendingar kan føre slektsgreier attende til Mowatt familien.



Byen Purth, var kroningsplassen til Marie Stuart. Til venstre for kyrkja kan ein skimta



Det nasjonale danse og musikkshowet hyllar det nasjonale særpreget til Skottland.



Badehuset til Marie Stuart står framleis i Edinburgh sentrum.



Arne Bakke, Kari Gaarder Losnedahl, Elbjørg Farestveit, Åse Eikemo Strømme, Reidar Bringedal, Liz Malkenes, Mikal



Skottlands minste whiskybrenneri har berre to destillasjonsapparat, og det er nok seier dei.



### Diskusjonane for og mot lausriving frå Storbritannia kan ein lesa om i avisene

den skotske katolske dronninga Maria Stuart, eit forhold som også vart banesåret hans så å seia. Maria Stuart og James Hepburn kom i konflikt med både tidlegare undersåttar og den engelske monarken, og det enda med at Marie Stuart vart fengsla og seinare avretta av Englands dronning Elisabeth. Jarlen rømde landet først til Orknøyane og seinare sjøvegen austover. Skipet hans vart borda utanfor Karmøy, og lorden vart fastsett og ført til Bergen. Her seiar sogane at han møtte att Anna Rustung som plutsleg møtte opp og kravde han til rekneskap for ikkje å ha innfridd ekteskapsløfte. Han laut svara pengebot, men det enda med at han vart ført til København der han til sist hamna i fangenskap og enda sine dagar som sinnssjuk heiter det. James Hepburn ligg gravlagt ved Fårevejle kyrkje i Nordvestsjælland. Nokre slektsgranskarar påstår at James og Anna fekk sonen William, men dette er granskarane veldig usamde om.

også det skotske parlamentet som har utstrakt sjølvstyre for den skotske befolkninga på om lag 5 millionar. Edinburgh Castle er eit gammalt og omfattande forsvarsverk som for nordmenn i dag mest er kjent som staden for dei årlege internasjonale militære drillane såkalla Taatoo, som vert avvikla i august månad. Den imponerende borga ligg på eit høgdedrag med utsikt over store deler av byen. Den ligg faktisk på toppen av ein vulkan som var aktiv for meir enn 340 mill. år sidan. Elles er det flust med slott alle bygd i stein både ibuande og som ruinar spreidd over heile landet. I fleire av dei privateigde slotta bur det folk som sper på inntekta med å visa fram bygningane for publikum. Her kan ein avtala omvising med guide. Det er interessant å få innsyn i byggje- målarkunst og andre verdiar dei tidlegare hertugane og jarlane samla seg på desse stadene. Tankane går til handverkarane og kunstnarane som utførte arbeid og utsmykk-

#### Skottefrua

Tanta til Axel Mowatt, Anna Rustung, hadde eit kjærleiksforhold til kvinneåraren James Hepburn, jarlen av Botswell.

Her heime vart ho kalla skottefrua. Han vart trulova med Anna og dei budde saman ei tid i Holland, men sjarmøren reiste frå henne. Jarlen hadde kjærleiks-

forhold til fleire betydelege kvinner for å oppnå makt og innverknad i det urolige Skottland. Toppen på karrieren i så måte var vel giftarmålet med

#### Flott by

Edinburgh er hovudstaden i Skottland i dag, og byen husar



ing. Betalinga var ofte minimal, nokre titals pund i tillegg til husly og mat for arbeid som gjerne tok fleire år. Det skotske nasjonalmuseum som ligg i Edinburgh er imponerande i storleik. Skal ein få alt med seg bør ein setja av ein heil dag til dette. Museet er eit av få stader der ein har lov å ta bilete. I dei gamle slotta er det som regel strengt forbode.

### Whisky

Scottish Highlands byr på stor-slått natur, idylliske småbyar og mykje spektakulært. Nær byen Perth ligg Edradour destilleri som er Skottlands minste whisky brenneri med ein dags produksjon på om lag 70 liter. Verks- emda har berre tre fast tilsette i produksjonen, i tillegg kjem dei som steller med omvising for turistar og sal av suvenirar og sjølvsgagt dei edle dråpar i brenneriet sin eigen butikk. Verksemda går godt må vita, og er ein type gardsproduksjon slik den var i Skottland i farne tider. Smaksprøven som vart frambydd var fortrefteleg, så det er godt forståeleg at ein kan overleva som småprodusent i denne marknaden.

Det gamle polarskipet Discovery som kaptein Scott nytta på ferda si til sørpolen ligg i hamneområde i Dundee. Lagnaden til kaptein Scott og ekspedisjonen hans er velkjent for oss nordmenn. Roald Amundsen med hundesledar og enkelt utstyr kom fyst til polpunktet, medan Scott sin ekspedisjon som vart planlagt og gjennomført på militært vis feila stort. Alle omkom på tilbaketuren frå sørpolpunktet. Kaptein Scott er enno eit stort namn i Storbritannia og det er bygd eit fint museum i hamne-

område med utstilling av utstyr og bilete frå ekspedisjonen. Museet omfattar også skuta Discovery og ein tur om bord viser korleis deltakarane på ekspedisjonen budde på ferda til sørpolen.

### Populære nordmenn

Turisme er ei viktig næring for Skottland, og utgjer om lag 1/4 av inntektene. Me nordmenn vert godt mottekne. Det er viktig at du omtalar dei som skottar, og for all del ikkje som britar for det er ei fornærming. Sjølvstyre rørsla står sterkt i landet og for tida har dei skotske nasjonalistane fleirtalet i det skotske parlamentet. Diskusjonane for og mot lausriving frå Storbritannia kan ein lesa om i avisene, og skotske scenekunstnarar veit å leggja vekt på å spita med engelskmennene, å framheva det spesielle med å vera skotsk å ta vare på særpreget.

I 2014 er det venta at den allereie lovbestede folkerøysinga for eller mot lausriving frå Storbritannia skal gjennomførast. Det blir spanande å sjå kva utfallet blir.

\* I avisa neste fredag kan du lesa om endå fleire reisemål, både nærare Sunnhordland og lenger vekke. Då har me egne reisetemasider.

KAARE M. MALKENES



Ruinane av Hailes Castle nær grensa til England, var borga til Hepburn familien. Her budde James Hepburn og Maria Stuart ei kort tid.



Desse skotske «geriljasoldatane» møtte oss utanfor Edinburgh Castle.



Lindisfarne Castle. Mikal Heldal i djupe tankar i godstolen.



Dei gamle klosterruinane på Lindisfarne. Det plyndra av norske vikingar i år. 793.



rt tid etter at dei gifta seg.



var dette klosteret som vart



Reiselaget utanfor det nye parlamentet i Edinburgh.



Polarskuta Discovery.